

Referat frå elevrådsmøte 09.03.2017

Stad: grupperom tilknytt naturfagsalen.

Møtt: Eivind (7a), Frikk Lodin (7b), Simon (6a), Solveig (6b), Malin (6c), Liam (5a), Ivan (5b), Fredrik (5c), Dennis (5d), Julie (4a) og Mikkel (4b).

Saker:

18-2016/17 Elevråds-gymsal

Vi nytta møtet til å førebu elevråds-gymsalen. Aktivitetane vi satsar på fram mot påske er stikkball og kanonball. Elevrådet vil vere med å leie samlingane og dømme kampane. Det er 4-5 stk. frå elevrådet som er med kva gong og det vil gå på rundgang kven som dømmer og leier samlingane. Idar vil vere med på samlingane, men han vil vere meir som ein lærar på inspeksjon.

Elevrådet bestemte at elevar som vil vere med på aktiviteten i gymsalen må vere der heile tida. Det er ikkje lov å vere med i starten og så gå ut når ein ikkje vil vere med meir. Då kan ein t.d. øydeleggje balansen på laga. Vil ein vere med på elevråds-gymsalen må ein vere med heile tida.

19-2016/17 Eventuelt.

Det kom inn eit ynskje om å ha handballturnering i friminutta.

Referent: Idar Rykkje Hopland